




## 100 år med fylkesnamna

Dei moderne fylkesnamna våre når akkurat å fylle 100 år før somme av dei blir historie.

SIDE 15–17



## – Grove feil om språkhistorie

Hovudredaktørane for Norsk språkhistorie svarar på kritikken i førra nummer av Norsk Tidend.

SIDE 12–13



## Sterkt kritisk til læreplan

– Den nye læreplanen i norsk vil auke språkskiftet frå nynorsk til bokmål, seier mållagsleiar Magne Aasbrenn.

SIDE 10–11

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 5  
desember 2019

## Når læraren ikkje kan nynorsk

På papiret kan norske lærarar både bokmål og nynorsk. I praksis er det ikkje slik, opplever både foreldre og kommunar.

SIDE 4–7



## Ein utdannings-politisk kollaps

**NT** Kampen for at alle i Noreg skal lære nynorsk, har alltid vore ein av dei viktigaste for målrørsla. Argumenta for kvifor dei skal det, blir derre ofte abstrakte, og dominerte av «positive flosklar» som kulturav og språkleg mangfald. Titt og ofte møter Noregs Mållag argument om at vi bør slutte å vere så opptekne sidemålsundervisninga, og heller koncentrere oss om kampen for nynorsk som hovudmål.

**NT** Men i dette bladet fortel ei anonym mor oss kva ei mangefull nynorskundervisning for bokmålselevar fører til: ei øydelagd skriveopplæring for fleire av nynorskelevane i landet. At somme norske elevar møter lærarar som i beste fall skriv nynorsk for dårlig til å undervise nynorskelevar, og i verste fall ikkje er skriveføre i nynorsk i det heile, må kunne kallast ein utdanningspolitisk kollaps.

**NT** Det er kommunane som tilset lærarar. Men kommunane kan ikkje gjøre gull av gråstein. Nett som elevar og foreldre er kommunane nøydde til å ta utgangspunkt i at lærarane har den fagkunnskapen det står på vitnemålet at dei skal ha.

**NT** Når det ikkje er slik, er det grunn til å peike på kunnskapsministeren. Å forsyne landet med skriveføre lærarar er i kjernen av samfunnssoppdraget til ein kunnskapsminister. Men når Jan Tore Sanner nyleg presenterte nye læreplanar, verka det som om andre omsyn stod fremst i køen. No skal det nemleg bli lågare kompetansekrav til elevane i sidemål. I tillegg er samanslalte karakterar på dei fleste av årstegna i ungdomsskulen og vidaregåande ei gavepakke til dei norsklærarane som eigentleg ikkje har lyst til å drive så mykje med sidemålsundervisning. Er sidemålskritikarane viktigare for Sanner enn skriveopplæringa til elevane?

**NT** I morgon skal ein seksåring ta på seg skorne, jakka og sekken for å gå til skulen. I klasserommet skal han møte ein lærar som ikkje kan språket hans. Tenk litt på det, du, Sanner, når du no skal setje dei nye læreplanane ut i livet.

ASTRID MARIE GROV

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Astrid Marie Grov,  
astrid.grov@nm.no,  
tlf. 23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
[smia@spraksmia.no](mailto:smia@spraksmia.no)



# Stafett er stafett

**FOR FJERDE GONG** har eg vore på hjul gjennom ein del av landet på nynorskstafett. Ideen til stafetten oppstod før Språkåret 2013, da Noregs Mållag folierte ein eigen bil i den oransje mållagsfargen og farta rundt med 140 stogg over 12 000 kilometer med ein bodskap om språkglede og nynorsk.

**DETTE VISTE SEG** å vera ein morosam og effektiv måte å møte både språkbrukarar og lokale styremakter på, så året etter vedtok landsmøtet etter benkeframlegg at det skulle vera nynorskstafett kvart år. Så sidan har ein slik turné vore ei fast oppgåve i tre travle haustveker for skrivarstova og dei styremedlemmene som har kunna sleppe frå i den vanlege kvardagen. Ein leigebil blir utstyrt med råkande formgivingselement. Tydeleg for all verda står det NYNORSKSTAFETTEN, NORSK MÅLUNGDOM og NOREGS MÅLLAG framme, bak og på sida av bilen.

**DEI SOM LEGG** ut på tur, er gjerne eit par personar frå skrivarstove og styre og ein målungdom. I år har vi òg vore så heldige å ha nynorskforfattarar med oss. Så drar ein rundt som eit svensk dansesband frå kommune til kommune. På kvar stad blir vi møtt av lokale målfolk som gjerne også gir nynorsk-misjonærar husly over natta. Etter landing i ein kommune er standardgropet at målungdommen har avtalt å halde norsktimar for alt frå 15 til 150 elevar på skulen, medan «dei vaksne» møter ordføraren, skulesjefen, rektoren eller barnehagestyryren.

**STAFETT-KONSEPTET BLIR SYMBOLISERT** med at vi har med ein stafettpinne av metall som vi får ordføraren eller varaen til å ta imot mens vi foto-

**NT LEARTEIGEN**



MAGNE AASBRENN  
leiar i Noregs Mållag

graferer og er lydhøyre for mest mogleg nynorsk-positive sitat og lovnader. Instagram neste. Ordforaren får stafettlinnen til odel og eige og gjerne også Ottar Grepstads fine bok «Viljen til språk», skiven til 100-årsjubileet til Noregs Mållag i 2006.

**OBLIGATORISK LESNAD FOR** oss før ein ny kommune er statistikken Utdanningsdirektoratet presenterer over elevar frå skule til skule, frå klassestrinn til klassetrinn. I denne statistikken blir det ofte svært tydeleg at nynorsken er trygg på dei mindre skulane i periferien, mens inne i «sentrum» av kommunen, der ungdomsskulen ligg, er presset hardare mot nynorskelevane. På slike stader heng alt saman med alt. Dersom nye generasjonar ser lite nynorsk rundt seg hos det lokale næringslivet og i lokalpressa, er det med på å få dei til å tenke at nynorsk er eit skriftspråk for spesielt interesser. Da skiftar dei lett til bokmål.

**DERMED INNEBER EIN** god nynorskstafettdag at ein også er innom lokale næringsdrivande og troppar inn i redaksjonen til den lokale tredagarsavisa og prøver å få gode oppslag. Gjerne med gruppebilete i positur attmed den gilde bilen.



Illustrasjon: Kjartan Helleve

**STAFETT-INNSATSEN BLIR SETT** inn i randsonene for nynorsken, nett der som språkframtida står og vippar. I mi tid har eg såleis vore på Nordmøre, i Valdres, i Midt-Telemark og i Romsdal. Ingen av stadene har vi møtt open motstand mot nynorsk, men mange stader har det skorta på medvit – til dømes om at ein barnehage der barna syng songar på bokmål, blir lesne for på bokmål og ser oppslag på veggen på bokmål, førebur barna svært dårleg på å gå vidare som elevar på nynorskskulen som ligg ved sida av.

**DET ER GODE** augneblinkar på stafett når vi finn ut at slik praksis ikkje er medviten undergraving av nynorsken – nei, barnehagepersonalet har berre ikkje tenkt på den måten. Veldig ofte er bokmål berre «det normale» og tilsynelatande like uunngåeleg som tyngdekrafta. Men slik er det altså ikkje.

**NÅR EIN DRAR** rundt slik og stikk skotuppen inn i dørropningar i kommunehus etter kommunehus, er hovudkjensla likevel at ein blir glad i det norske lokaldemokratiet. I norske kommunar går det an få ordføraren direkte i tale, og ho er som regel ein fornuftig person som er open for gode argument. Om vi undervegs i møtet oppdagar at i hylla bak ordføraren så ligg det ein stafettpinne og eit eksemplar av «Viljen til språk» frå før (fordi stafetten jo også var innom i 2016!), så er det ingen sure miner for det, for dei vil eigentleg nynorsken vel, dei aller fleste lokale makthavarane – det er berre så mykje anna dei også har å passe på. Slik sett burde kvar kommune ha sin stasjonære nynorskstafett som jamleg plasserer symboliske smilefjes eller strekmunnar på kommunehus-døra à la Mattilsynet.

**AKKURAT DET ER** nok for mykje å krevja, men Noregs Mållag har 200 lokallag, og i heimkommunen kan alle eigentleg køyre «nynorskstafett» når dei vil. Ein treng faktisk verken pinne, bokgåve eller oppstasa bil for å invitere seg sjølv til barnehagen, skulen, ordføraren eller lokalavisa og snakke nynorsken si sak. Når små og store sjefar etter kvart kjem i julestemning, passar det kanskje ekstra godt å vitje dei med julebakst og nynorsk? God jul!

Ingen av stadene  
har vi møtt open  
motstand mot  
nynorsk, men  
mange stader  
har det skorta  
på medvit.

I dag sto en tyrker foran en gjeng 9. trinnselever, på Østlandet, i Aurskog, og snakket varmt om nynorsk og hvor fint det er, og hvor bitter jeg er på at jeg «slapp» å ha det på ungdomstrinet. Nynorskwitter hadde tørket mange tårer hvis de hadde vært i det klasserommet i dag.  
**@moenduran på Twitter**

Nynorsk verdsmeister! Eg seier ikkje at det er ein direkte samanheng, men eg registrerer at verdsmeisteren Karsten Warholm var den einaste nynorskbrukaren i finalen.  
**@PederHauge på Twitter**

Dette kan aldri gå bra, den er jo helt uten bilder OG på nynorsk!  
Jaja, får gi den et forsøk.  
**@anderstoland på Twitter**

Som beboer fra 1940 i et jugendstilhus i sentrum, og med fire besteforeldre som enten var født i Ålesund eller i det minste både bodde og arbeidde her «før Brannen», mener jeg likevel(I) at vedtaket om nynorsk administrasjonspråk både er rett og rettferdig – og slett ikke udemokratisk eller et anslag mot «byens urbane kultur». **Egil Rossaak i innlegg i Sunnmørsposten**

Altså. @ketilso, @hareide og Sylvi Listhaug. Kva er det med alle desse politikarane som gjev ut bøker om alt dei har lært av oppveksten i vestlandsbygdene – men som gjer det på bokmål?  
**@jenskihl på Twitter**

Vi oppdaget relativt raskt at en ikke kan være en sart sjel når en skal lage dialektkopp for finnmarkinger.  
**Aud Margrete Skomakerstuen Brendryen til Østlendingen**

Oppdagat at «dokker» er tillate som 3. person fleirtal, og no skjønner eg endå mindre av korfor ikkje heile Nord-Noreg skriv nynorsk.  
**@moddimusikk på Twitter**

Nynorskens kronglete, grammatiske bøyningsformer og underlige valg av særegne ord virker fremmed og unaturlig for de fleste nordmenn.

**Bjørn Kristen Ørbæk i Bokmåls forbundet i Hamar Arbeiderblad**

Aasmund Olavsson Vinje skreiv nynorsk i berre tolv år, og på den tida skreiv han seg inn i historiebøkene som den kanskje aller største i nynorsk litteraturen nokon gong. Til samanlikning har eg, unge mannen, skrive nynorsk over dobbelt så lenge.

**@MartinArseth på Twitter**

Då vi laga filmen «Crazy Zombie», var mellom andre Ivar Aasen levande død, og skifta namn til «Evil Aasen».

**Egil Olsen til Møre-Nytt**

I somme norske klasserom blir nynorsk-elevar underviste av lærarar som **ikkje kan nynorsk**. Korleis kan det skje?

# Ei nynorsk lærarkrise?



**VI ER VANE** med å tenkja på læraren som ein fagleg autoritet, ein som kan både gongtabellen, skrive-reglane og meir til. Likevel har det ei god stund blitt uttrykt uro over skrivekunnskapane hjå mange lærarstudentar. Er dagens lærarar budde på ein kvardag der dei skal undervisa nynorskelevar?

#### – Veldig nervøs

Då Ingelin Ida Marie Hansen frå Løten gjekk på lærarutdanninga, var tanken om å skulla undervisa nynorskelevar heilt fjern.

– «Det går bra, for eg skal jo ikkje jobba på ein nynorskskule, uansett», hugsar eg at eg tenkte om nynorsk.

Men livet ville det annleis. Ho hamna på Stord, der ho fekk jobb på mellomtrinnet.

– Eg hugsar at eg var veldig nervøs i byrjinga, og eg var nøydd til å førebu meg veldig godt. Eg såg for meg timen, og kva for ord som kunne koma på tavla, slik at eg fekk slått opp orda eg ikkje kunne.

For lærarutdanninga var ikkje til rare hjelpe for ein nynorskskrivande

lærar med bokmålsbakgrunn, meiner ho.

– Det var ei heilt tydeleg forventning om at me hadde lært det på vidaregåande, for me hadde ikkje noka undervisning i nynorsk. Eg hadde fordjuping i norsk, men utover det fyrste av fire studieår skreiv me ikkje noko nynorsk i det heile.

Nivået på studentane var jamt over veldig därleg, fortel Hansen.

– Eg hugsar ein medstudent ein gong fekk tilbakemeldinga «skremmande därleg» om nynorsken sin. Eg var nok ikkje veldig god, sjølv, heller, men ikkje av dei svakaste. Og eg har eigentleg heile tida hatt eit ganske positivt forhold til nynorsk, og det hjelper. Eg trur ein del av dei som eg gjekk i lag med på lærarutdanninga, ville hatt store utfordringar med å undervisa nynorskelevar, og mange ville sikkert heller ikkje teke ein jobb på ein nynorskskule.

Hansen fortel at ho er blitt langt meir komfortabel med å undervisa nynorskelevar etterkvart. Ho seier det hjelper å jobba på ein skule der majoriteten av lærarane er lokale,

og nynorsk er det tydelege bruks-språket. Nynorsk må bli meir synleg på alle utdanningsnivå for at lærarane skal bli meir førebudde på det som ventar dei, meiner Ingelin Ida Marie Hansen.

– Både i skulen og på lærar-utdanninga burde det vera meir nynorsk i undervisninga, og møtet med nynorsk i skulen bør ikkje berre skje gjennom grammatikk. For motivasjonens del trur eg òg det vil vera lurt å snakka meir om at det er mange av jobbane der ute der du faktisk må kunna det. Det er det mange som ikkje tenker over.

#### – Bokmål og nynorsk om kvarandre

«Tone» er mor til ein elev på ein nynorskskule ein stad i den nynorske randsona. Ho har til tider vore fortvilt over nivået på nynorsk-kunnskapane til lærarane. Ho heiter ikkje Tone, men ho har ikkje lyst til å stå fram med namn. Det er inga sosial vinnarsak å gå ut offentleg og kritisera lærarane til barnet ditt for manglande fagkunnskap.



**KRITISK TIL NYNORSKOPPLÆRINGA:**  
Nynorskundervisninga i skulen og på lærarutdanninga er for skrinn, meiner Ingelin Ida Marie Hansen.

Foto: Lars Bakka

Dei tre fyrste åra på barneskulen hadde dottera fleire lærarar som ikkje kunne nynorsk i det heile teke, mellom anna kontaktlæraren, fortel «Tone».



**OPPLEVER DÅRLEG KOMPETANSE:** Fleire foreldre i den nynorske randsona har fortalt Norsk Tidend om gjennomgåande dårleg nynorsk hjå lærarar. Ein del rektorar fortel òg at språkkompetansen hjå lærarar med bokmålsbakgrunn kan vera mangelfull.

Illustrasjonsfoto: Lars Arvid Oma, Hordaland Folkeblad. Personane på biletet kan ikkje knytast til saka.

– Rettkskrivingsnivået var gjenomgåande veldig dårleg. Det var nynorsk og bokmål om kvarandre i skriva som ungane som fekk. Eg kunne sjå setningar av typen «Det har vært ein fin veke». Andre døme er feil pronomen og fullstendig mangel på kontroll på -ar og -er-endingar.

– Visste lærarane sjølv at dei skreiv feil?

– Nei, det trur eg ikkje. Dette var tilflytta lærarar som aldri hadde skrive noko nynorsk utanom norskundervisninga. Eg trur dei berre skreiv i veg, og så prøvde dei å putta inn eit nynorskord inniblant for å få det til å høyrist nynorsk ut.

«Tone» fortel at ho møtte velvilje hjå skulen då ho tok opp saka.

– Lærarane var både audmjuke og opne om at dei ikkje kunne nynorsk, og det har blitt gjort tiltak frå rektor si side for å betra situasjonen. Så sjølv om eg har lagt vekt på å leggja dette fram på ein svært diplomatisk måte, vil eg seia eg har vore heldig i måten eg har blitt teken imot på. Det er ikkje alle lærarar som hadde tolkt kritikken så godt.

«Tone» etterlyser ei meir aktiv rolle frå kommunane for å sikra at lærarar ikkje blir sende ut i skulen utan å kunna nynorsk.

– Det skal ikkje vera mi oppgåve som forelder å seia ifrå om at skriveundervisninga er for dårleg, det er noko kommunen burde ha teke tak i. Me ville ikkje godteke at ein mattelærar som ikkje kunne fem gonger tre, skulle undervisa ungane våre i matte, eller at ein engelsklærar som skreiv «Ai æm» for «I am» skulle ha engelskundervisning. Så når kommunar tilset lærarar som ikkje kan nynorsk, må dei sørja for at dei lærer det, helst før undervisningsstart. Dette handlar jo om kva ungane våre har krav på, og eg synest ikkje det er bra når det blir så store kunnskapshol hjå lærarane.

«Tone» meiner både skulen og kommunen sviktar mandatet sitt.

– Med så mykje bokmål som ungane møter, både her hjå oss og andre stader, får dei tidleg ein fot i bokmålland. Då må skulen vera ekstra merksam på rolla si, og vera ei motvekt til bokmålsdominansen i samfunnet elles.

– Kva trur du hadde skjedd om du ikkje hadde teke opp saka med skulen?

– Det veit eg rett og slett ikkje. Eg har opplevd dei andre foreldra som støttande når eg har teke opp dette, men det er ikkje alle dei som kan nynorsk så godt. Då er det hel-

ler ikkje så lett å oppdaga og reagera på feila.

Dottera slit framleis med følgjer av dårleg skriveundervisning frå dei første åra, meiner «Tone».

– Det er mange innlaerte feil som heng att, og ein del grunnleggjande kunnskap eg synest manglar. Eg hadde venta meir så langt opp i barneskulen som ho har kome no.

«Tone» er ikkje den einaste forelderen som har opplevd dårlege rettskrivingskunnskapar hjå lærarar. Norsk Tidend har vore i kontakt med fleire foreldre i dei nynorske randsonene som kan fortelja om skriv fulle av feil, bokmål på tavler på barnestegget på nynorskskular og til dels ei lite profesjonell haldning til rettskriving blant lærarar. Ei mor fortel at den ansvarlege leiaren i kommunen viste til at alle lærarar har formalkompetanse i både bokmål og nynorsk, då ho tok opp problemet.

– **Fagkunnskap må gå framom nynorsk**

Korleis opplever kommunane skrivekompetansen blant lærar-

*Me ville ikkje godteke  
at ein mattelærar som ikkje  
kunne fem gonger tre,  
skulle undervisa  
ungane våre i matte.*

**«Tone», mor til nynorskelev**

*For mange kan for lite. Og vi får dverre ikkje retta opp veldig mykje av etterslepet frå skulen her på universitetet.*

**Hans-Olav Enger, professor  
i nordisk språkvitskap  
ved Universitetet i Oslo**



rane? Fleire rektorar *Norsk Tidend* har spurt, uttrykkjer òg uro over nynorskkompetansen hjå ein del lærarar med bokmålsbakgrunn.

Ein som innrømmer at det kan vera vanskeleg å skaffa lærarar som kan nynorsk, er kommunalsjef for oppvekst og kultur i Gol, Hallvor Lilleslett. Hallingdalskommunen har vel 4500 innbyggjarar og éin skule, som er språkblanda. Lilleslett seier kommunen i visse situasjonar må prioritera fagkompetanse framom nynorskunnskapar.

– Det kan til tider vera utfordrande å få tak i lærarar med rett kompetanse, særleg dersom det oppstår behov i skuleåret. Me tilset lærarar ut frå ei totalvurdering. Kor godt ein kan nynorsk, er éin av fleire faktorar me må leggja til grunn, men det vil ikkje vera avgjande aleine. I somme situasjonar er det ikkje gjeve at me kan velja lærarar som kan nynorsk, og då må den spesielle fagkunnskapen gå framom.

Lilleslett fortel at kommunen opplyser om at nynorsk er opplæringsmålet i Gol kommune når dei tilset, men at ein del av lærarane ikkje er vane med å nytta språket. Situasjonen er ikkje dramatisk, meiner han.

– Nynorskkompetansen blant lærarane er god på ungdomstrinnet, men meir varierande på barnetrinnet. Det

vil alltid vera rom for forbetringar, og det gjeld også på dette området.

– *Kva har kommunen gjort til no for å få lærarar som i utgangspunktet ikkje er i stand til å undervisa på nynorsk, til å bli det?*

– Utover vanleg rettleiing som ein har til kollegaer, og medarbeidarsamtalar, er det ikkje sett i verk spesielle tiltak.

– *Men då vil de jo ha lærarar i undervisning på Gol skule som anten underviser på bokmål eller på feil nynorsk?*

– Det kan vera slik. Det er ikkje gjeve at det er slik.

Hallvor Lilleslett seier at nynorsk står svakt i heile Hallingdal, og at fleire og fleire i Gol vel bokmål for ungane i skulen.

– *Er ikke kommunen med på å næra opp under eventuelle därlege haldningar til nynorsk blant foreldre og elevar i Hallingdal når de har lærarar i arbeid som ikke kan eller er därlege i nynorsk?*

– Nei. Me tilset som sagt lærarar ut frå ei totalvurdering av kompetansen.

– *Så godt som alle lærarar er på papiret kvalifiserte til å undervisa i nynorsk som hovudmål. Når de opplever fleire lærarar som ikke er det i praksis, kunne det vere nærliggjande å ta det opp med styresmaktene*



**SLIT MED REKRUTTERINGA:** *Det kan vera vanskeleg å skaffa lærarar som kan nynorsk, seier Hallvor Lilleslett, kommunalsjef for oppvekst og kultur i Gol.*

Foto: Jo Straube / Venstre



**ETTERLYSER TILTAK:** *Det må gjera rast grep på alle nivå for å styrkja nynorskkompetansen blant lærarar, meiner Hjalmar Eiksund, høgskulelektor ved Høgskulen i Volda.* Foto: privat

*som er ansvarlege for kvaliteten på utdanninga. Har de gjort det?*

– Nei, eg har ikkje opplevd dette som eit problem før, og difor har me ikkje det.

Lilleslett seier likevel at han ser at det kan vera behov for kompetanseheving hjå nokre av lærarane i kommunen.

– LNK (Landssamanslutninga av nynorskkommunar) skal no lansera eit nynorskurs som er særleg retta mot skulen. Det må me sjå på og vurdera om nokon av våre lærarar kan ha utbytte av eit slikt kurs.

– *Er du uroleg for at skriveopplæringa til nynorskelevane på Gol ikkje er god nok?*



**FEKK LÆRARAR SOM IKKJE KUNNE NYNORSK:** Møtet med skriveopplæringa gjekk ikkje som «Tone» og dottera hadde venta. Dei opplevde at fleire av lærarane ikkje kunne nynorsk. – Det var bokmål og nynorsk om kvarandre, seier «Tone» om skriva som kom frå skulen.

Illustrasjonsfoto: Shutterstock

– Eg har ingen indikasjonar på at det er slik, nei, så eg er ikkje uroleg for det.

#### – Blir presenterte for nynorsk for seint

Det er ikkje berre blant lærarar på dei lågare klassetrinna manglande nynorskkunnskap er eit problem. Hans-Olav Enger er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo og underviser framtidas norsk-lektorar. Han er klar på at nivået blant studentane burde vore langt betre.

– For mange kan for lite. Og vi får diverre ikkje retta opp veldig mykje av etterslepet frå skulen her på universitetet.

Enger meiner det er fleire grunnar til at ein del av studentane kan nynorsk dårligare enn dei burde.

– Mange av studentane blir lite eksponerte for nynorsk, både i og utanfor skulen. I tillegg merkar eg at ein del er dårlig trena i å bruka ordbøker og andre oppslagsverk, og innanfor norskfaget er dei nok heller ikkje så vane med å handtera den typen kunnskap der det finst to strekar under svaret.

Ved Høgskulen i Volda ligg truleg den einaste etterutdanninga for lærarar i nynorsk spesielt. Nettstudiets Nynorsk i opplæringa starta

opp i 2005 og har studentar frå heile landet. På kurset får studentane både undervisning i nynorsk og korleis ein skal undervisa i nynorsk. Høgskulelektor Hjalmar Eiksund er fagansvarleg for dei to kursa høgskulen tilbyr hausten 2019. Ein god del av studentane oppgjev at eiga nynorskundervisning ikkje har vore grundig nok, fortel han.

– Studentane tek kursa våre fordi dei har merka at dei ikkje meistrar nynorsk så godt som dei ønskjer. Det er det to openberre forklaringar på, anten at ein sjølv har vore lite motivert for å læra nynorsk, eller at måten skulen presenterer nynorsk som sidemål på, har vore for dårleg. Dette er gjerne to sider av same sak. Studentane fortel at sidemålsundervisninga ofte tek til for seint, at undervisninga gjerne vert teken for lett på, eller at det er lite støtte for å læra nynorsk i nærmiljøet.

Eiksund meiner dårlig nynorsk-kompetanse blant lærarar kan vera ein negativ spiral utdanningsnivå imellom. Han meiner det må gje rast grep på alle nivå for å få auka nynorskkompetansen blant lærarar.

– Vi har kome langt om det som står i læreplanen faktisk blir gjennomført. I dag blir mange elevar fyrst presenterte for nynorsk som

sidemål på ungdomsskulen, sjølv om læreplanen seier det skal skje tidleg på barneskulen. Å løysa problemet med manglande kompetanse krev at også lærarutdanningane tek nynorskopplæringa på alvor. Der blir det lagt til grunn at studentane kan nynorsk frå før, men her bør ein nok i større grad ta for seg den studentmassen ein faktisk har. Lærarar bør ikkje bli uteksaminerte utan å kunna både bokmål og nynorsk.

Eiksund fortel at Høgskulen i Volda har noko skriveopplæring i nynorsk integrert i eit av dei ordinære kursa i lærarutdanninga.

– Vi tek opp emne som førebud elevane på jobb ved ein skule der nynorsk er hovudmål, fordi vi veit at problemstillingane på desse skulane er andre enn på bokmållskular.

Å vera ein god lærar i nynorsk handlar ikkje berre om å kunna nynorsk, presiserer Eiksund.

– Noko av det viktigaste skulen gjer for elevane, er å tematisera tidleg at det er skilnad på nynorsk og bokmål, til dømes gjennom å prata om at noko er rett på bokmål, og noko anna på nynorsk. Det vil styrkja kompetansen til elevane i nynorsk, som igjen vil styrkja dei positive haldningane, anten vi snakkar om nynorsk som hovudmål eller som sidemål.

Hjalmar Eiksund går langt i å frikjenna lærarane for manglande kompetanse og därlege haldningar.

– Eg vil nok tru dei fleste lærarar gjer så godt dei kan med det dei har fått utdelt av kompetanse. Og haldningar til noko handlar jo ofte om ein er trygg eller ikkje. Er ein negativ til noko, er det ofte fordi ein sjølv ikkje meistrar det.

*Eg trur nok  
dei fleste lærarane  
gjer så godt  
dei kan med det  
dei får utdelt av  
kompetanse.*

**Hjalmar Eiksund, høgskulelektor  
ved Høgskulen i Volda**

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)

## Fast nynorskklasse i Bergen

For første gong vil byrådet i Bergen gje eit fast tilbod med nynorsk parallelklasser på ein sentrumsskule. Det går fram av byrådserklæringa.

Noregs Mållag meiner det er eit grep som vil gjere det lettare å få til

nynorskklasse for dei foreldra som har vnskt det for ungane sine, og ikkje fått det til.

– Det er offensivt av kommunen å forsøke seg på dette no, seier Magne Aasbrenn.

## Er du ein språknerd?

Den 7. februar inviterer Samlaget til eit kurs i språkvask og korrektur i Oslo.

Er du interessert i språk generelt og nynorsk spesielt og kunne tenkja deg å jobba med nynorsk språk, håper me du vil søkja.

**Send søknad (ca. ½ side) til  
o.malmin@samlaget.no. Søknadsfrist: 10.  
desember 2019.**

Les meir om kurset på [www.samlaget.no](http://www.samlaget.no)

Deltakarane får reisetilskot.

*Det Norske Samlaget er det leiane nynorskforlaget i Noreg og har fremja nynorsk språk og litteratur i meir enn 150 år.*

# Nynorsk

Når du hører ein gut nynne på kjenningsmelodien til **Klart eg kan** på ein t-banestasjon i Oslo, forstår du at barne-TV på nynorsk er populært.

– **EG HADDE** nettopp gått av T-bana på Majorstua då eg hørde nokon bak meg som nynna på Klart eg kan-songen. Er det ein i nordfjordbunad? tenkte eg. Eg snudde meg for å sjå kven det var. Det viste seg å vere ein gut med oslo dialekt som hadde sett TV-serien, fortel programskapar Eva Westvik.


### Bakgrunn

No jobbar Eva Westvik ved institutt for film og animasjon ved Høgskulen i Volda. Bak seg har ho over 25 års erfaring frå NRK, først som nyhetsjournalist og deretter som programskapar i barne-TV. I 2004 tok ho tak i prosjektet *Her er eg*.

– Det vart min overgang frå nyhetsjournalistikk til barne-TV. Eg brukte den kompetansen eg hadde opparbeidd meg som historieforteljar i NRK, fortel Westvik.

*Her er eg* vart ein banebrytande TV-serie for barn.

– Det var ikkje så veldig mykke dokumentar for små barn på den



tida. Først byrja det som eit nynorskprosjekt fordi NRK Super trong meir av det, men min ambisjon var heile tida at det skulle vere av høg kvalitet, slik at alle barn skulle få lyst til å sjå desse programma, uavhengig av kva slags dialektbakgrunn dei hadde sjølv, seier Westvik.

### Historieforteljing

Serien *Her er eg* fekk gode sjåartal.

– Etterspurnaden vart større og større. NRK Super ville ha meir og meir. På eitt tidspunkt måtte eg velje om eg skulle gå tilbake til nyheitene eller drive med barne-TV på heiltid. Då valde eg barne-

## Karoline Riise Kris

**KAROLINE RIISE KRISTIANSEN** (41) er tilsett som ny språksjef i NRK. Som språksjef får Kristiansen ansvaret for å røkte språket i heile NRK.

Karoline Riise Kristiansen kjem til NRK frå NTB og stillinga som ansvarleg redaktør for Nynorsk pressekontor (NPK), der ho har jobba sidan 2009.

Stillinga som språksjef er plassert i nyheitsdivisjonen, og nyhetsdirek-

# De seriefavorittar



TV. Eg syntest det var veldig motivende og gievande, seier Westvik.

Ho har eit sterkt og langvarig kjærleksforhold til visuell historieforteljing. Etter kvart tok ho med seg alle erfaringane frå *Her eg eg* og utvikla konseptet *Klart eg kan*.

– Eg brukte ein enkel dramaturgimodell der ein har eit mål og følgjer prosessen mot målet. Det har vist seg å vere ei tydeleg og enkel forteljing som barna kjenner seg igjen i, og som dei yngste klarer å følgje godt med på, seier Westvik.

Målet med serien har også vore at han skal inspirere barn til å tote å gjere nye ting.

– Det å vekse opp handlar om å tote å gjere nye ting heile tida. Når vi blir vaksne, lener vi oss litt tilbake og orkar ikkje å hive oss ut i det ukjende. Kanskje kan serien inspirere vaksne også, legg Westvik til.

#### Marit og dyra

Eva Westvik kom til Hakallegarden og tenkte: «Oj! Dette er jo eit univers som er som skapt for barne-TV», fortel ho. NRK Super hadde trua på prosjektet, og det vart eit av Evas mest eventyrlege år.

– Vi var på Hakallegarden i eitt år og fylgte Marit. Det er eit fargefyllt univers med Marit i sentrum

og mykje dyr og mykje styr, fortel Westvik.

Ho kunne legge planar for nokre episodar, men så enda det opp med at det skjedde så mykje på garden at dei berre måtte hive seg rundt og filme andre historier.

– Det var veldig krevjande, men på ein fin måte. Det var eit luksusproblem å ha så mange historier å fortelje. I tillegg var Marit eit funn. Ho var så tolmodig og roleg å arbeide saman med, fortel Westvik.

#### Lidenskapen vaks

Lidenskapen for barne-TV vaks seg større etter kvart som ho forstod at

**MARIT MED FAMILIE:** Serieskapar Eva Westvik (til venstre) var på Hakallegarden i eitt år og fylgte gardsjenta Marit og familienn hennar.

Foto: Arne Stubhaug / NRK

der var eit publikum der. Når ein skal filme barn i kvar dagen deira, må ein opparbeide seg tillit.

– Eg har blitt inspirert og blitt klokare av tankane og innspela til barna. Det har verkeleg vore ei gåve å oppdage kor kloke og reflekterte dei er, seier Westvik.

Målgruppa for desse programma er barn i alderen 3–6 år, men i praksis er det mange både yngre og eldre barn som ser på seriane.

– Det å bruke dokumentarsjangeren på små barn er ei vinnaropporskift fordi sjangeren søker etter det som er ekte, slik barn i den alderen er, seier ho.

Fleire av seriane som Westvik har vore med på å skape, har nådd fleire målgrupper.

– Eg har fått tilbakemeldingar om at den siste serien, *Bli med heim*, har samla både barn, ungdomar, foreldre og besteforeldre framfor TV-skjermen, fortel ho.

#### Bli med heim

I den siste serien, *Bli med heim*, føler Eva at dei har klart å kombinere eit viktig innhald med fengjande historier.

– Det er nok nyhetsjournalisten i meg som ønskjer å gje barna eit innhald som dei kan få noko meir utav enn berre underhaldning, seier Westvik.

*Bli med heim* handlar om eit spekter i familielandskapet.

– Serien viser at mange har det forskjellig heime, men at det meste likevel er likt. Målet er å bygge toleranse og vise mangfold, forklarer ho.

INGVILD MYKLEBUST HOVDEN  
Nynorsksenteret

## tiansen tilsett som språksjef i NRK

tør Helje Solberg seier ho er glad for å ha fått Kristiansen med på laget.

– Det har vore viktig for oss å finne ein språksjef som både har god redaksjonell erfaring og fagleg tyngde på norsk språk. Det har Karoline, i tillegg til å vere ein positiv kulturskapar som bygger gode relasjoner i nettverk, seier ho.

Karoline Riise Kristiansen sjølv er svært fornøgd med å komme til NRK.

– NRK er Noregs største og viktigaste mediehus, også når det gjeld språk. Eg takkar for tilliten og gler meg til å arbeide saman med alle dei flinke folka som er i NRK over heile landet, seier den påtroppende språksjefen.

Ho tiltrer i NRK 3. februar 2020. Inntil ho er på plass vil Dagsrevyens Ingvild Bryn fungere som NRKs språksjef.

NPK



#### FRÅ NPK TIL NRK:

Redaktør Karoline Riise Kristiansen i Nynorsk pressekontor blir språksjef i NRK.

Foto: Vidar Ruud / NTB scanpix / NPK



Ivar Aasen-tunet



[aasentunet.no](http://aasentunet.no)



Olav H. Hauge-senteret



[haugesenteret.no](http://haugesenteret.no)

**Handlenett.no**



Handlenett.no er nettbutikken til Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret.

[post@handlenett.no](mailto:post@handlenett.no) / 70 04 75 70

# Målørsla n med den nv

Fornyinga av læreplanane i skulen er i strid med regjeringa sine eigne intensjonar i språkpolitikken, meiner leiar i Noregs Mållag, **Magne Aasbrenn**.

## KUNNSKAPSDEPARTEMETET

la i november fram dei nye læreplanane for grunnskulen og vidaregåande skule som skal innførast frå hausten 2020.

I læreplanen for norskfaget fjernar regjeringa eiga halvårvurdering med karakter i 8. og 9. klasse og på Vg1 og Vg2. Då vil elevane berre ha halvårvurdering og standpunktakarakter i sidemål i 10. klasse og Vg3. I tillegg blir det stilt lågare krav til sidemålskompetanse i sluttvurderinga.

– Det vil vere med på å senke kompetansen i nynorsk som sidemål i samfunnet og å auke språkskiftet frå nynorsk til bokmål på vidaregåande, slår Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, fast i ei pressemelding.

Aasbrenn er ikkje berre kritisk til reforma, og meiner det er flott at elevane skal starte med skriveopplæring i sidemål tidlegare enn før.

Han er ikkje den einaste som meiner reforma er i strid med språkpolitikken.

## – Bra, men ikkje godt nok

– Framlegget bryt med norsk språkpolitikk. Dette fører ikkje til meir likestilling og likeverd mel-

lom dei to skriftspråka, skriv Per Magnus F. Sandmark, direktør i Nynorsk kultursentrums i ei pressemelding.

Dei meiner at læreplanen vil svekkje kompetansen i både bokmål og nynorsk over tid.

– Nokre av grepene i norskfaget kan vere med på å gjere både bokmåls- og nynorskelevar tryggare i sitt eige språk. Det er bra, men det er ikkje godt nok at elevane med denne læreplanen ikkje får høve til å lære seg både bokmål og nynorsk skikkeleg, seier Sandmark.

## – Regjeringa svik nynorskelevane

Norsk Målungsdom meiner regjeringa har svike nynorskelevane, og at dette vil føre til lågare nynorskkompetanse i samfunnet.

– Det er heilt utruleg at regjeringa først slår fast at eitt av føremåla til den nye språklova og dermed til den norske språkpolitikken, skal vere å styrke det minst brukte skriftspråket, og så følgje det opp med ein læreplan som svekkjer nynorsken. Det er eit svik mot



**SPRÅKPRISSVINNAR:** Kristin Fridtun fortel at språkprisen gjev henne motivasjon til å halde fram som forfattar.

Foto: Lene Sørøy Neverdal

# nisnøgd ye læreplanen



**KRITISK MÅLLAGSLEIAR:** – Regjeringa kjem med ein læreplan som klart bryt med deira eigne intensjoner i språkpolitikken, meiner leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn.

Foto: Noregs Mållag

nynorskelevane, seier leiar Gunnhild Skjold.

Skjold er bekymra for at læreplanane ikkje er spesifikke nok når det gjeld vurderingar og karaktersettjing, ettersom det ikkje finst ein konkret plan

for kor mange tekstar det skal vere på kvart skriftspråk.

– Vi veit derre at norske elevar verken får mykje nok eller god nok sidemålsundervisning i dag. No leverer regjeringa ein læreplan som

gjer det enklare å nedprioritere sidemålsundervisninga. Det vil føre til lågare nynorsk-kompetanse i samfunnet, noko som gjer det vanskelegare å vere nynorskbrukar.

NPK

## Språkprisen til Kristin Fridtun

Forfattar Kristin Fridtun får Språkprisen 2019 for bøkene *Kjønn og ukjønn* (2015), *Homoflokar* (2018) og *Språket er ei bukse* (2019).

– **EG SYNST** det er veldig stas, og får motivasjon til å fortsette med å vere forfattar. Det er jo ikkje alltid det er ein veldig lønnsam karriereveg, men det følest veldig meiningsfylt å drive med når sånne ting som dette dukkar opp, seier forfattar, filolog og føredrags- haldar Kristin Fridtun etter at prisen vart kjent.

Fridtun har ein master i norrøn filologi frå NTNU, og har etter det stort sett jobba frilans. Ho har hatt eiga språkspalte i vekeavisen Dag og Tid i drygt ti år og debuterte som forfattar med boka *Norsk etymologisk oppkok* i 2012. Språkprisen 2019 får ho for bøkene *Kjønn og ukjønn* (2015), *Homoflokar* (2018) og *Språket er ei bukse* (2019).

Juryen trekker fram at Fridtun er ein produktiv forfattar og samfunnsdebattant med særskilt god

formidlingsevne og stor språkglede.

– Ho har tilført den offentlege debatten nye perspektiv både på språk og i spørsmål om kjønn og seksualitet, og ho viser alltid vilje til å saumfare både eigne og andres standpunkt. Slik gjev ho eit viktig bidrag til å halde den offentlege samtalens sakleg og konstruktiv, til inspirasjon for oss alle, seier jurymedlem Merete Røsvik i ei pressemelding frå Språkrådet.

I haust gav Fridtun ut boka *Språket er ei bukse*, om biletbruken i norsk språkdebatt. I vinnaromtalen frå juryen heiter det: «I forfattarskapen er ho innom mangfoldige emne. Ho driv etymologisk utgraving basert på solide kunnskapar i norrøn filologi. Kombinasjonen av gode analytiske evner og evna til å sjølv finne klargjerande språklege bilete gjer Fridtuns tekstar både lærerike og underhalande. Fridtun lærer oss å vere meir kritiske i omgang med dei orda vi røyner verda med».

Språkprisen vart delt ut på Litteraturhuset i Bergen 20. november.

NPK



KATHRINE NYGÅRD  
teiar i Kringkastingsringen

## Ikkje eit personleg ansvar

**DEI SISTE ÅRA** har både Aftenposten og VG blitt heidra for å ha opna opp for meir nynorsk. Mållaget var med rette raskt ute og gav Gard Steiro Målprisen 2017, og Aftenposten fekk Målblome i 2018. Ein årelang kamp såg ut til endeleg å ha fått eit gjennomslag. Og ja, det kom lite grann meir nynorsk i VG, men veldig lite i Aftenposten. Flaumen av nynorsk lét venta på seg.

**DET ER RÅD** å finna døme på nynorsk journalistikk i riksavisene, også langt attende i førre hundreåret. Nesten konsekvent kjem det av eit personleg initiativ. Anten ved at journalisten har greidd å finna grunnar for å skriva saka på nynorsk, ved at intervjuobjektet insisterer på å bli sitert på nynorsk, eller at nynorsk er «naturleg» i ei gitt sak.

**NÅR NO DET** formelle forbodet er vekke, er det igjen opp til journalisten om vedkomande skal skriva ei sak på nynorsk. Det er finst truleg framleis motstand i redaksjonane, mellom redaktørar og vaktsjefar. Ein skal ha litt ryggrad for å stå imot dei. Du blir også gjort ansvarleg for eventuelle feil. Ein skal vera temmeleg trygg på si eiga rettskriving når ein set saker på trykk utan at andre har lese gjennom dei. Tempoet er høgt.

**EIN STAD DET** har blitt meir nynorsk, er i VGTV. Her har nynorskjournalistar fått friare spelerom, eventuelt har dei ikkje møtt den same motstanden i systemet. På same viset har også andre riksaviser starta med radio- og tv-sendingar i eit eller anna format. Det munnlege har fått større plass og utfordrar ideen om at ei avis har eit språkleg uttrykk.

**KVIFOR BLIR DET** ikkje like stort språkleg mangfold i dei trykte riksavisene? Eg trur at det framleis finst motstand i dei tradisjonelle redaksjonane, og at børa på den enkelte journalisten kan bli for stor. Dei treng hjelpe. Strukturell hjelpe.

**EI NY SPRÅKLOV** er på trappene. Paragraf 1 slår fast at styresmaktene har eit ansvar for å fremja nynorsk. Då bør det også fylgje med språkkrav i hop med den relativt rause økonomiske støtta norske aviser får. Me kan ikkje berre stola på det indre ljuset hjå nynorsk-journalistane.

**HOVUDREDAKTØRANE SVARAR:**

# – Grove feil om *Norsk språkhistorie*

**Helge Sandøy** og **Agnete Nesse**, hovudredaktørar for Norsk språkhistorie, svarar på kritikken av band 1 av språkhistorieverket i førre nummer av Norsk Tidend.

**NT-REDAKTØREN HAR I** nr. 4/2019 intervjuua Sverre Stausland Johnsen over to sider om kritikken han har av boka *Mønster*, som er første bindet i verket *Norsk språkhistorie*. Intervjuet er eit samandrag av bokmeldinga hans i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, der Johnsen sjølv presiserer at kritikken gjeld berre første bindet, for dei tre neste har han ikkje lese. Men *Norsk Tidend* framstiller det slik at Johnsen har levert kritikk av heile verket, og redaksjonen illustrerer intervjuet med framsida på alle binda, og på NT-framsida blir intervjuet annonser med bilde av bind 3. Med ein slik presentasjon feilinformerer *Norsk Tidend*.

Dels som redaktørar og dels som forfattarar skal vi nedanfor kommentere kritikken frå Johnsen og dei feila han meiner å finne, punkt for punkt.

**Søraustlandsk  
presens sterke verb**

Eit gammalt diskusjonsemne i språkhistoriegranskinga har vore om søraustlandsk (og svensk og dansk) har hatt i-omlyd på eit tidleg stadium, dvs. om det har vore f.eks. ø eller o i notid av sove (jf. *søv/sover*). Diskusjonen har oppstått pga. at dei skriftlege kjeldene har innehadde begge typar presensformer, og dermed blir det typisk nok ope for fleire tolkingar. Denne uvissa viser Indrebø òg til i si *Norsk Målsoga* s. 134 (2001). Johnsen slår berre fast at det var i-omlyd utan å vise til at det nettopp har vore diskutert, og at Grøtvædt i grundigaste granskinga av dette spørsmålet konkluderer med at begge systema fanst i gammalnorsk tid. I *Mønster* er spørsmålet omtalt to stadar: I kap. 2 (s. 116) nemner forfattaren at i-omlyden ikkje ser ut til å vere gjennomført i gammalnorsk tid, og det blir vist til fagdiskusjonen og

den forklaringa at i-omlyden i den aktuelle bøyingsforma først fanst i heile dette området, men at han så blei trengt tilbake pga. grammatiske utjamning frå infinitiv. Restar av den gamle i-omlyden er dessutan dokumentert frå både jyllandsk, svensk og søraustnorsk.

I kap. 3 (s. 259) blir det òg vist til same synsmåten og gitt referansar til diskusjonen, men dessverre sagt for sterkt at det «ikke [er] spor av i-omlyd i kildene». Som nemnt finst det slike spor. Men når Johnsen hevdar om *Mønster* at «det står at gammal søraustnorsk ikkje hadde i-omlyd i sterke verb», er ikkje det ei korrekt framstilling når det på begge dei aktuelle stadane nettopp står at søraustlandsk hadde det før sov-former blei erstatta med sover-former.

**Genitiv**

Johnsen hevdar at det i *Mønster* er skrive at genitivsuttrykk som 'bygdas ordførar' er "ein direkte arv frå genitiv i gammalnorsk". Dette er ein svært grov feil. For det første står det ikkje noko eksempel med 'bygdas ordførar' i boka. Her diktar Johnsen

altså opp eit referat. For det andre er det på s. 245 nettopp forkart korleis genitiven i mellomnorsk gjekk igjennom ei forandring til å bli ei markering av eigedomsforhold («possesivlitikon» er det kalla der), og at genitivmarkeringa ikkje lenger er endingar festa på opptil fleire ord i genitivsleddet (jf. gammalnorsk 'bók-rik-s mann-s', men berre éi markering på grensa av eigarleddet altså 'ein rik mann-s hus').

Ei slik utvikling finn vi over eit stort område i nordisk: færøysk, norsk, älvdalsk og norrlandsk, men eigedomsmarkøren kan vere litt forskjellig. Når konstruksjonen er avgrensa til eigedomsuttrykk, fører det til at eigaren i genitivsleddet må nettopp kunne eige, og dvs. at det må vere eit levande vesen eller ein juridisk person. Forholdet mellom 'bygda' og 'ordførar' er ikkje eit eigedomsforhold, og derfor er eksempelet uaktuelt i tradisjonelle norske dialektar, enten ein formar det som 'bygdas ordførar' eller 'bygda sin ordførar'. Likeins er det òg f.eks. med namnet 'Nynorskens hus'.

Johnsen slår òg fast at Aasen har dokumentert at s-genitiv ikkje finst i norsk. Nei, det òg er feil. Det er nettopp Ivar Aasen som først dokumenterer at genitiven finst. Det gjorde han i notata sine våren 1845 då han oppheldt seg i Telemark, for eigedomsuttrykk med 's' er eit drag som finst i mykje av telemål og egdemål, som i 'dotteras hus' og 'huset Olavs'. I stordelen av landet brukar ein i staden eigedomspronomen (jf. 'boka hennar Jorunn') eller sin-genitiv ('Jorunn si bok'). I tillegg er preposisjon mykje nytta ('boka til Jorunn'), men preposisjonsbruk er ikkje spesielt for eigedomsuttrykk.

Johnsen tar her altså dobbelt feil: både i det nemnde referatet frå *Mønster* og i beskrivinga si av norsk

språkhistorie, sjølv om dette er gammalkjent stoff blant nordistar. (Arne Torp har ein innsiktsfull artikkel om dette i *Maal og Minne* frå 1973.)

Her høyrer det med at Aasen mistolka observasjonane sine og rekna denne s-genitiven som påverknad frå dansk skriftmål. Det er urimeleg, for dansk hadde ikkje genitivsuttrykk der eigaren kunne stå både framom og etter eigedommen, som i dei nemnde eksempla. Dette må vere nedarva frå gammalnorsk. Men Aasen var mest opptatt av at s-en blei brukt ved ord som i gammalnorsk måtte ha heilt andre endingar, f.eks. etter 'dotter', og dermed var det ikkje «ægte», seier han når han tar opp att same dokumentasjonen i *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848). Aasen var nemlig ikkje opptatt av kreativiteten i mellomnorsk der genitivsmönsteret blei sterkt omskipa, som nemnt ovanfor. Dessutan kjente han heller ikkje til det større nordiske mønsteret i omlegginga av genitiven.

**Haldningar og språkendring**

Johnsen viser liten vilje til å forstå poenga i spørsmålet om språkhaldning og språkendring. Eine poeng i boka er den prinsipielle forskjellen på bevisste og underbevisste haldningar. Bevisste haldningar får ein når informantane er klar over at dei får nettopp språklege haldnings-spørsmål (f.eks. 'Kva dialekt synest du er finast?'). Underbevisste haldningar blir uttrykt når informantane svarar eller reagerer på språklege stimuli utan å vere klar over at det er språk dei reagerer på. I boka er det vist til granskinger som går inn i eit stort europeisk forskingsnettverk som har utvikla ein metode for å skilje mellom dei ulike haldnings-typepane. Fordi desse granskingane har føregått parallelt og likt i mange land, er resultata ekstra interessante.

Generelt i dei europeiske granskingane viser dei bevisste haldningane ikkje samsvar med språkendringstendensane, og teoretisk føyjer det seg inn i den generelle innsikta om at svar i slike granskinger er svært bundne av den kulturelle eller politiske samanhengen dei blir gitt i, og at dei ikkje «stikk så djupt». Derimot har reaksjons-

*Det er useriøst å  
berre synse og på-  
stå i staden for å  
sette seg inn i teo-  
rien og metoden  
som er aktuell.*

# NORSK SPRÅKHISTORIE

---

## MØNSTER

Helge Sandøy (red.)

testane om underbevisste haldningar vist svært godt samsvar med språkendringstendensane, altså at språkendringane går i retning av dei dialektane/språkvariantane som er vurdert høgast i testen.

Danmark er det landet som viser mest «perfekt klaff» i denne testen. Men Noreg og Færøyane – som dei einaste landa hittil – viser ikkje slike samsvar. Det vil seie at det der ikkje er klare og gjennomgåande mønster i dei underbevisste haldningane til dialektar. Dette er svært interessante resultat, for dei må vise ein viktig forskjell på f.eks. Danmark og Noreg, og dessutan har den principielle forskjellen i resultata stor teoretisk interesse – på same måten som når ein får ulike resultat i reagensrøya i laboratoriet.

Korleis og kvifor det er slik som vist her, er drøfta s. 88–92 i *Mønster*. Men ingenting av dette bryr Johnsen seg om, i staden gir han eit overflatisk og misvisande referat. Han hevdar konklusjonane er dratt «på sviktande grunnlag». Granskingsane som ligg til grunn, er dei mest omfattande og systematiske som er gjennomført i landet.

Metodisk er desse europeiske haldningsgranskingane uttesta gjennom mange år og har vist seg så fruktbare i jamførande analysar at Johnsen kan ikkje berre avvise dei som ikkje «relevante». Dei er utvikla for å kunne unngå å basere seg på intuisjon og subjektive tolkingar. Her nyttar det ikkje berre å synse lettint, som når han kjem med «Det eg meiner er relevant å spørje om, ... er kva folk synest er kult. Men det spør dei ikkje om.» For det først er dette spørsmålet faktisk stilt i den underbevisste granskingsa. For det andre er det useriøst å berre synse

og påstå i staden for å sette seg inn i teorien og metoden som er aktuell. Her må ein kunne seie med Johnsen sine eigne ord at han «har kome til somme av framstillingane med visse faste synspunkt, og så følgjer konklusjonane av det».

### Norsk og dansk

Eit ankemål Johnsen har mot *Mønster*, er at forfattarane «ikkje skil mellom det som er opphavleg norske taletmålsdrag, og det som har kome inn utanfrå, hovudsakleg frå dansk, men òg frå svensk». I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* gjer han mykje meir ut av dette poenget.

Når Johnsen meiner at dette skiljet mellom opphavleg norsk og ikkje-norsk må vere grunnleggande for heile framstillinga, er vi svært ueinige. Han hallar til eit etymologisk opphavs-perspektiv som formidlar eit syn om at 'norsk' og 'ikkje-norsk' er innebygde eigenskapar som følger språkfenomena gjennom histo-

*'Norsk språk' er ikkje noko som kan definerast til eit bestemt språkstadium for f.eks. tusen år sidan.*



**SVARAR:** Helge Sandøy og Agnetha Nesse er hovudredaktørar for Norsk språkhistorie og høvesvis professor emeritus og professor ved Universitetet i Bergen.

Foto: UiB

ria. Eit slikt syn prega nok delar av nasjonalromantikken på 1800-talet. Vi ønskjer i staden å formidle den innsikta frå moderne språkvitskap at språket fungerer i samtid, og nettopp dét pregar eigenskapane det har. For eksempel har språket stor evne til å integrere nye ord i det som er det levande morsmålet, og det ligg stor kreativitet i den samtidige levande språkbruken. Vi ønskjer altså å få med oss korleis denne dynamikken utviklar språket gjennom historia, og derfor er ikkje 'norsk språk' noko som kan definerast til eit bestemt språkstadium for f.eks. tusen år sidan. Vi har ikkje ønskt oss nokon sterkt ekskluderande definisjon, men i staden vilja sjå etter kva som er det levande språket på kvart språkstadium som er drøfta. Derfor har vi ikkje skrive den språkhistoria Johnsen ønskjer seg.

Eit apropos til dette er at nesten ein tredel av teksten i det aktuelle oppslaget i *Norsk Tidend* 4/2019 ikkje kan reknast som 'norsk' etter kriteriet hans Johnsen. I språkhistoria vår reknar vi slike tekstar som 100 % samtidsnorske. Vi har altså ønskt å sjå breitt på 'norsk', og i bind 2 kjem f.eks. òg eit kapittel om norsk som andrespråk.

Det bør her òg føystast til at det er berre innanfor ei slik samtidforståing av norsk språk at ein kan forstå korleis språk fungerer som del av sosiale og kulturelle motsetningar. Det er tema i andre bind av verket.

I bindet *Mønster* er språkkontakt, språkleg påverknad og integrering tematisert i eigne bokar i alle kapitla, og det aller meste av ordforrådkapittelet (kap. 5) gjeld nettopp det. (Elles i bokane 7.2 og 10 i kap.

1, bok 5.4.1 i kap. 2, bokane 2.1.2, 2.3.1, 6.3 og 6.4 i kap. 3, bok 10 i kap. 4, bokane 2.3.3, 3 og 5.12 i kap. 6.)

### Aasen og Indrebø

Johnsen meiner vi skulle bygd meir på Ivar Aasen og Gustav Indrebø. Den klaga tar vi ikkje tungt, for eit forskingsprinsipp er å gå til kjeldene og ikkje skrive blindt av etter andre.

Johnsen er opptatt av å jamføre denne nye språkhistoria med Indrebø si frå 1951. Alle som arbeider med norsk språkvitskap har stor respekt for det imponerande verket hans Indrebø. Vi føler ikkje behov for å konkurrere. Men eit poeng for initiativet til den nye språkhistoria var at det er gått 68 år sidan Indrebø-boka kom ut, og at det er gått 77 år sidan Indrebø døydde frå det ufullførte verket. Det har skjedd mykje i språkvitskapen på denne tida, og ikkje minst er det blitt aktuelt å bruke nye tema og innfallsvinklar til ei språkhistorisk framstilling. Derfor er dette ei annleis språkhistorie. Slik ser ikkje Johnsen som verdt å nemne.

### Ville vi ikkje svara?

Redaksjonen i *Norsk Tidend* har hekta ein hale på intervjuet om at hovudredaktørane Sandøy og Nesse «vil ikkje kommentere» utsegna hans Johnsen. Det er ikkje korrekt giengiving av svaret vi sende. Vi fekk to dagar på å formulere svar på ein del tilsende utsegner. Vi hadde ikkje høve til å avsette tid til å formulere svar innan den fristen.

No har vi svart.

**Helge Sandøy og Agnetha Nesse,**  
hovudredaktørar

### Kommentar frå Norsk Tidend

Helge Sandøy og Agnetha Nesse rettar to kritiske kommentarar mot presentasjonen av intervjuet med Sverre Stausland Johnsen i førra nummer. Den eine er at det ikkje blir presisert at kritikken frå Johnsen berre gjeld band 1 av *Norsk språkhistorie, Mønster*. Sandøy og Nesse har rett i at det burde vore formidla, både i teksten og gjennom illustrasjonane. Det seier eg meg lei for at det ikkje vart.

Sandøy og Nesse meiner òg at dei har blitt feilsiterte i dialogen dei har hatt med *Norsk Tidend* om tilsvart. Det er eg ikkje samd med dei i. Det er ikkje vanleg å sitere grunnane som blir oppgjevne for at tilsvarsretten ikkje blir nytta, og omtalen i førra nummer stengjer ikkje for eit seinare tilsvart, som Sandøy og Nesse no gjev.

**Astrid Marie Grov**  
redaktør

# Velkommen til eit glededeleg gjensyn!



Kjøp i butikk og bokhandel

Nordland kunne ha blitt Hålogaland, og Telemark kunne ha blitt Grenland. Då dei norske fylka fekk namn førre gongen, vart gamalnorske landskapsnamn henta fram og tekne i bruk att.

# 100 år med nygamle fylkesnamn



**SNART HISTORIE:** Sogn og Fjordane er eit av fylkesnamna som no går ut av bruk. Før 1919 heitte fylket «Nordre Bergenhus Amt».

Foto: Anne-Mari Tomasdard / Sunnmørsposten

AV IVAR BERG



Ivar Berg er professor i nordisk språkvitskap ved NTNU.

**FØR 1919 VAR** Noreg inndelt i *amt*, og både nemninga og inndelinga var ein arv frå dansketida. Mot slutten av 1800-talet kom det fleire framlegg om å kalla amta *syssel* eller *fylke* i staden, ord som var bruksom om administrative område i gamalnorsk, og å etterinnføra gamle norske områdenamn på amta og andre administrative einingar.

**Eit uttrykt nasjonalt mål**  
Interessa for mellomalderen var sterk på 1800-talet og ein viktig del av den norske nasjonsbygginga, og det var heilt i tråd med dette programmet å henta fram att namn som var kjende frå den norrøne sogelitteraturen.

Etter framlegg frå ei gruppe venstrefolk gjorde difor Stortinget i 1900 vedtak om at inndelingsnamna skulle få ei norsk form eller bytast ut med «nasjonale namn». Berre éin representant stemde mot. Det var altså eit tydeleg uttrykt nasjonalt mål for namnearbeidet, og framlegget var formulert på landsmål, det nasjonale målet. På denne tida var fornorskinga av det danske skriftspråket òg i gang,

det arbeidet som leidde fram til riksmålsrettskrivinga i 1907 og den store reforma i 1917. Fornorsking av stadnamn fall inn i dette arbeidet.

Gjennom dansketida hadde mange stadnamn fått ei dansk skriftform, og dette galdt framleis gjennom det meste av 1800-talet. Mot slutten av hundreåret vart det gjort eit arbeid for å føra til dømes gardsnamn over i norsk målform, og inndelingsnamna var då ei naturleg vidareføring av dette arbeidet. Fornorskinga av stadnamna våre er grundig skildra av Gustav Indrebø (1889–1942), professor i «vestnorsk målførergranskning» og leiar/nestleiar i Noregs Mållag i ei årrekke, i boka *Norsk namneverk* (1927).

Etter vedtaket i 1900 sette Stortinget ned ei nemnd som skulle vurdera nye inndelingsnamn. Den sat mellom andre Marius Hægstad (1850–1927), den første professoren i «landsmalet og dets dialekter» og fyrste leiar av Noregs Mållag. I lag med han sat rettshistorikarane Hertzberg og Taranger og teologen A. Chr. Bang, alle riksmålsfolk. Nemnda ville innføra nemninga *syssel* for amt og kom med fram-

legg til nye namn. Det var semje om å nytte namn med rot i norsk historie, men medan fleirtalet dels gav namn etter administrasjonssenteret (t.d. Drammen), ville Hægstad gjennomføra gamle landskapsnamn og ein norske skrivemåte (t.d. Austfold med diftong). For mindre namn som herad ville nemnda leggja bygdemålet til grunn, «renset og normaliseret». Men etter at tilrådinga var lagd fram, koka sakta bort i kålen.

#### Gamle landskapsnamn

I 1914 vart Hægstad og Hjalmar Falk (1859–1928), professor i germanisk filologi, bedne om å laga ei ny utgreiing om inndelingsnamna. Dei hadde då vore konsulentar for *Norges Geografiske Opmåling* (NGO), forløparen til Kartverket, i fleire år. Falk var sjølv riksmålsmann og hadde vore den første formannen i *Riksmaalsforeningen* (ein forløpar for Riksmålsforbundet), men dette prega ikkje stadnamnarbeidet hans. NGO hadde sidan 1913 praktisert at stadnamn skulle skrivast etter den lokale uttalen, men med noko normering særleg av bøyingsendingane.

*Namna har ikkje vore  
noka hovudsak denne  
gongen, og faglege råd  
har vorte ignorerte.  
Berre eit par represen-  
tantar tok opp namne-  
spørsmålet då saka  
var til handsaming  
i Stortinget.*

Etter berre nokre månader hadde Falk og Hægstad ei tilråding ferdig. Dei fylgte opp tankane hans Hægstad frå den førre nemnda og ville taka opp gamle landskapsnamn som var kjende frå gamalnorsk. Som avløysarord for amt føreslo dei no *fylke*, eit inndelingsnamn frå mellomalderen som er avleidd av ordet *folk*. Dei sette òg opp ei liste over heradsnamn som burde få ny skrivemåte, og desse vart vedtekne allereie sein i 1917. Namn på fylke og bispedøme måtte opp i Stortinget.

Trass i semja frå 1900 om å innföra nasjonale namn vart det eit fleire dagar langt ordskifte i Odelsstinget om endringane då saka kom opp i 1918, dels om å utsetja heile saka, dels om einstilde framlegg. Høgre var som vanleg imot endringar og skulda vestlendingar og målfolk for å påtvinga Austlandet uynskte namn. Den sida av argumentasjonen er litt pussig, sidan korkje vestlendingar eller målfolk hadde noko fleirtal i Stortinget. Kulturell og språkleg konservativisme var nok heller motivet.

#### Kva skulle fylka heite?

Eit problem var at dei gamle landskapsnamna ikkje samsvara heilt med dei moderne grensene. I mellomalderen var til dømes *Upplønd* (*lønd* er fleirtal av land) eit stort område som femna om det meste av dagens Hedmark og Oppland og delar av Buskerud og Akershus. Falk og Hægstad ville kalla dei tre første *Aust-*, *Vest-* og *Sør-Upland* (Falk ville ha *Opland*), medan Kyrkjedepartementet føreslo *Ringerike* for Buskerud. Stortinget vedtok likevel at den austre delen skulle heita *Hedmark*, med namn etter landskapet aust for Mjøsa, medan vestdelen vart *Opland* åleine. I staden for forslaget *Ringerike* heldt Stortinget på *Buskerud*, opphavleg eit gardsnamn i Modum. Akershus, oppkalla etter festninga inst i Oslofjorden, skulle framleis vera fylkesnamn. Her hadde Falk og Hægstad føreslege *Romerike*,



**NEMNDA:** Språkprofessorane Marius Hægstad (t.v.) og Hjalmar Falk utgjorde nemnda som kom med framlegg til nye fylkesnamn. Hægstad var den første leiaren i Noregs Mållag.

Foto av Hægstad: Axel Leverin, foto av Falk: Ludvig Forbech

som ville stått meir i stil med dei andre nye namna, jamvel om fylket går mykje vidare enn det gamalnorske *Rumaríki*.

*Østfold* og *Vestfold* fekk namn etter *Folda*, det historiske namnet på Oslofjorden. Vestfold fanst allereie i gamalnorsk, medan Østfold ikkje er skriftfest før på 1500-talet, men laga på same vis. Framlegget *Austfold* med diftong var faktisk noko brukta og hadde støtte i fylket, men vedtaket vart *Øst-*. Det nye fylkesnamnet *Telemark* dekte frå gamalt av berre dei indre delane av fylket; eit alternativ var *Grenland* etter dei ytre delane.

Landskapsnamna *Agder*, delt i *Aust-* og *Vest-, Rogaland* og *Hordaland* stemde godt overeins med fylka dei gav namn til.

Noko større spørsmål var det ved dei to nordste vestlandsfylka og om ein burde ha toledda namn. Falk og Hægstad hadde helst sett berre *Fjordane*, men vedtaket vart *Sogn og Fjordane*. Romsdals amt vart til *Møre* fylke, først i 1935 vart Romsdal teke med i namnet att. Søndre og Nordre Trondhjems amt fekk no namnet *Trøndelag* (*Sør-* og *Nord-*) etter det gamle namnet på lovområdet til trønderane.

I Nord-Noreg var det fleire framlegg. Falk og Hægstad hadde føreslege *Nordland*, *Trums* og *Finnmark*. Finnmark gav seg sjølv, men for dei to fyrste føreslo departementet i staden *Haalogaland* og *Trondenes*, eit gamalt sentrum på Hinnøya. Her landa Stortinget på Nordland og Troms.

Ordskiftet galdt ikkje berre fylkesnamn, men andre inndelingsnamn òg. Dei gamle *stifta* vart til *bispedøme*, også det ei nemning som var henta frå gamalnorsk. Dei fekk til dels endå meir gamalvorne namn enn fylka, med tilnærma





**NYE FYLKESGRENSER:** Innlandet er fra 1. januar 2020 namnet på storfylket som består av Hedmark og Oppland. Artikkelforfattar Ivar Berg er lite glad for namnet.

Foto: Mette Finborud Børresen / NRK

norrøne former som *Bjørgvin*, *Nidaros* og *Hålogaland*, som desse bispedøma framleis heiter.

I fortsetjinga av dette arbeidet vart også andre stadnamn endra i nasjonal retning, særleg oppkallingsnamn som ymse danske kongar hadde strødd utover landet. Slik vart Fredriksvern og Fredrikshald til Stavern og Halden, og Kristiania til Oslo (som hadde levd som namn på gammelbyen). Vendepunktet var Nidaros, som var namnet på trønderhovudstaden eit drygt år i 1931–32, men møtte stor motstand og vart ståande berre som namn på bispedømet. Bjørgvin vart som bynamn aldri meir enn eit forslag frå mållagskrinsar. Namneskifte av denne typen vart det stort sett slutt med frå 1930-åra, men skriftformer frå dansketida vert framleis retta til skrivemåtar som bygjer på tradisjonell uttale og norske rettskrivingsreglar – til både glede og mishag.

#### Dei nye fylkesnamna

Solberg-regjeringa har sett i gang ei ny regionreform der fleire tidlegare fylke vert slegne saman. I nokre tilfelle har namnet vore

sjølvgjeve, som når Sør- og Nord-Trøndelag vart til *Trøndelag*. I andre tilfelle har det vore større strid om kva den nye skapningen skulle heita. Også no har somme trekt fram gamalnorske førebilete; t.d. vart *Gula fylke* etter det gamle lovområdet *Gulating* føreslege som namn på Hordaland og Sogn og Fjordane.

Både for hundre år sidan og i den nye reforma har styremaktene bede om faglege råd. Men namna har ikkje vore noka hovudsak denne gongen, og faglege råd har vorte ignorerte. Berre eit par representantar tok opp namnespørsmålet då saka var til handsaming i Stortinget. Endskapen vart namn som *Innlandet* (kjem alle andre nordmenn frå utlandet?), *Vestland* (som er større enn Hordaland + Sogn og Fjordane) og *Viken* (der talemålet har *Vika*), som helst må kallast språklege ulukker. Men same kor språkleg og geografisk misvisande *Viken* er, spelar det på det gamle namnet på området rundt Oslofjorden, og fortset slik ein hundre år gamal tradisjon.

IVAR BERG

#### Amt- og fylkesnamn før og etter 1919

Smaalenene	Østfold
Akershus	Akershus
Kristiania	Kristiania (Oslo frå 1925)
Hedemarken	Hedmark
Kristians	Opland (fekk seinare ein ekstra 'p')
Buskerud	Buskerud
Jarlsberg og Larvik	Vestfold
Bratsberg	Telemark
Nedenes	Aust-Agder
Lister og Mandal	Vest-Agder
Stavanger	Rogaland
Søndre Bergenhus	Hordaland
Bergen	Bergen (fram til 1972)
Nordre Bergenhus	Sogn og Fjordane
Romsdal	Møre og Romsdal
Søndre Trondhjem	Sør-Trøndelag
Nordre Trondhjem	Nord-Trøndelag
Nordland	Nordland
Tromsø	Troms
Finmarken	Finnmark

# Nynorsk-stafetten på Nordvestlandet

For sjuande året reiste Noregs Mållag og Norsk Målungsdom på **nynorskstafett**. I år gjekk turen til Nordmøre, Romsdal, Sunnmøre og Nordfjord.

**I LØPET AV** tre hektiske veker rulla stafettbilen innom 15 kommunar. Med i bilen var to frå Noregs Mållag, ein frå Norsk Målungsdom, og i år òg ein forfattar fleire av dagane.

– Vi har møtt ordførarar eller rådmenn frå åtte kommunar. På møta brukar vi å ta opp aktuelle tema og oppmoda dei vi møter, om å gjera vedtak eller endringar som fremjar nynorsken. Denne gongen møtte vi fleire kommunar som skal slå seg saman frå nyttår, og i desse kommunane er det ekstra avgjerande kva nynorskvedtak som vert gjort, seier Gro Morken Endresen, dagleg leiar i Noregs Mållag.

– Denne gongen peika kommunenes manslåinga av Molde, Nesset og Midsund seg ut som viktig for nynorsken, og sjølv sagt etableringa av nye Ålesund kommune som har fått mykje merksamdi, spesielt i valkampen, fortel Gro Morken Endresen.

## Møte, møte, møte

– Vi er opptekne av å få så mange avtalar og kontaktpunkt som mogleg i den kommunen vi er i, så det kan til tider vera ganske hektisk. Det er ulikt frå stad til stad, men i løpet av desse vekene har vi hatt møte med oppvekstsjefar, barne-skular, ungdomsskular og barnehagar. Å skapa auka medvit rundt språk og nynorsk er ein målsetnad, seier Gro Morken Endresen.

– I møte med rektorar og lærarar på skulane er det viktig å kartleggja og henta inn informasjon om nynorske digitale lærermiddel. I desse møta er det bra om vi kan få vita meir om utfordringane i skulen, og vi er opptekne av å gjera det lettare å tilby ein fullgod digital skulekvardag på nynorsk, seier Gro Morken Endresen.

Lokalkunnskap og nettverket rundt lokallaget er ein viktig grunn til at Nynorskstafetten brukar å bli vellukka. Difor er det lokallaget sjølv som gjer avtalar og såleis også er med på å avgjera innhaldet i stafetten.

Norsk Målungsdom tilbyr målferdopplegg til skulane. På den måten får dei snakka med mange

## FAKTA

### Nynorskstafetten 2019

- NT 21.10 Rauma
- NT 22.10 Nesset
- NT 23.10 Gjemnes
- NT 24.10 Molde / Midsund
- NT 25.10 Aukra
- NT 28.10 Vestnes
- NT 29.10 Fræna
- NT 30.10 Skodje
- NT 31.10 Ørskog
- NT 01.11 Norddal
- NT 04.11 Giske
- NT 05.11 Haram
- NT 06.11 Ålesund
- NT 07.11 Sula
- NT 08.11 Vågsøy

hundre elevar i ungdomsskulen og på vidaregåande skular om språk og språkhaldninga.

### Forfattar med på Nynorskstafetten

– I år fekk vi støtte frå Bokåret 2019 til å ta med oss forfattarar på stafetten. Desse hadde klasseopplegg for aktuelle klassetrinn på skulane, og nokre kveldar var det ulike typar kveldsopplegg, fortel Gro Morken Endresen. Det var fire forfattarar som var med. Atle Berge var med ei heil veke, Christian Wiik Gjerde i fire dagar, Trude Tjensvold i tre dagar og Ingunn Røyset i to dagar.

– Det var verkeleg artig å ha med seg forfattar på turne. Det gav stafetten eit løft, og dei var svært sporty og tok alle utfordringar underveis på strak arm, seier Gro Morken Endresen.

HEGE LOTHÉ  
hege.lothe@nm.no

**IVRIGE ELEVAR (ØVST):** Stort engasjement på Valderøy barneskule då forfattar Christian Wiik Gjerde fortalte frå nyutgjevinga Jul på Bukken hotell.

**VI FLYG SAMAN (TIL VENSTRE):** Gode klassereglar på Vigra skule.

**NYE MOLDE (TIL HØGRE):** Molde slår seg saman med to nynorskkommunar, Midsund og Nesset. assistande kommunedirektør Britt Rakvåg Roald (t.v.) og kommunikasjonssjef Hilde Johansen lovar mållagsleiar Magne Aasbrenn å ta vare på nynorsk i storkommunen.

Alle foto: Noregs Mållag





**HAUSTSEMINAR I GAUSDAL:** Laurdag 9. november var det klart for organisasjonsseminar i Austmannalaget. **Eldbjørg Kopsland Bø** og **Ivar Bø** opna den staslege og tradisjonsrike heimen sin i Gausdal for dei om lag tjue seminardektakarane. Det sette ei flott ramme rundt seminaret, og det var god debattlyst og mykje iver rundt temaet korleis få til godt organisa-sjonsarbeid.

**NYNORSK MOTIVASJONSDAG FOR LÆRARAR:** I Oslo var det motivasjonsdag på Det Norske Teatret for fjerde år på rad den 16. oktober. Denne gongen var programmet særleg retta mot lærarar på mellom- og ungdomssteget, og det kom om lag 80 engasjerte lærarar, hovudsakleg frå Oslo og Akershus, men også nokre frå andre fylke.

Mellom temaene var tidleg start med sidemål, sidemål i ungdomsskulen etter fagfornyinga og elevrettar knytt til byte av målform i skulen. Tilskipinga er eit samarbeid mellom Fylkesmållaget Vikværingen, Bærum Mållag, Oslo Mållag og Lærarmållaget, og Utdanningsetaten i Oslo står som medarrangør.



#### ELINE BJØRKE ER NY LEIAR I LÆRARMÅLLAGET:

Noregs Lærarmållag valde i vår ny leiari i laget. Ho heiter **Eline Bjørke** og arbeider som høgskulelektor ved Høgskolen i Innlandet. Eline var fram til i sommar dagleg leiari i Norsk Målungdom.

**JULETRADISJONAR:** Sarpsborg Mållag inviterer til før-julstreff saman med BUL Sarpsborg laurdag 23. november kl. 13 i Matstova. **Kari Kjølbo** frå BUL Sarpsborg les ei forteljing av Alf Prøysen. Det vert deling av minne om juleskikkjar og juletradisjonar og quiz. Og sjølvsgatt kaffi og litt kaffimati.

**SAMANSLÅING PÅ JÆREN:** Klepp Mållag og Time Mållag planlegg å slå seg saman til eitt lag. Dei inviterer til skipingsmøte for Jæren Mållag tysdag 28. januar 2020.

**«TA MED EIT DIKT OG KOM»:** Mållaget i Kristiansand har gjort ein spennande vri på lyrikkveldane sine. I oktober og november har laget invitert til lyrikkveld den fyrste tysdagen i månaden. Då er alle oppmoda om å ta med seg eit dikt og kome. Lyrikkveldane er i huset hjå Mållaget i Kristiansand.

**NY LEIAR I ARNA MÅLLAG:** Arna Mållag har valt **Brit S. Fosse Reigstad** som leiari for laget. Laget har fått mange nye medlemer den siste tida.

**FORVALTNINGSLOVA SAMLAR FULLT HUS:** Jurist-mållaget inviterte i november til kafemøte på Dampskipeskaien i Sogndal. Emnet var arbeidet med den nye forvaltningslova. Det vart ein skikkeleg suksess! Rundt 40 deltakarar og fullt hus!

**NY LEIAR I NAUMDØLA:** Naumdøla Mållag har fått seg ny leiari. Det er eigentleg eit come-back for **Inge Staldvik**. Han har vore leiari i Naumdøla Mållag ein periode før.



#### LEIARSKIFTE I TRØNDERLAGET:

**Ellinor Bergli Bustad**, som bur i Skaun, er blitt ny leiari i Trønderlaget. Vidar Lund held fram i styret som kasserar.



**TRE DAGSSEMINAR:** Frå dagsseminaret i Oslo.

Foto: Noregs Mållag

**TRE DAGSSEMINAR:** Denne hausten har Mållaget gjort ein vri på seminarprogrammet sitt. I staden for eit meir tradisjonelt helgeseminar har styret invitert til tre dagsseminar, eitt i Oslo, eitt i Trondheim og eitt i Bergen. Utgangspunktet for alle tre laurdagsseminara har vore å lage samlingar der deltakarane drøftar målsak og argumentasjonen vår med tanke på kva som bør stå i eit nytt prinsipiprogram for Noregs Mållag. Det var godt deltakartal på dei tre seminara. Samla var det om lag 110 deltakarar, og ein del av desse var på sitt aller fyrste seminar i Mållaget.



**POPULÆRE DIALEKT-T-SKJORTER:** Bak: Harald Ove Foss og Brynhild Marie Foss i Gausdal dialekt- og mållag. Framme: Magnhild Ivarsdotter Bø, som stilte opp som modell.

Foto: Noregs Mållag

**TENER GODE PENGAR:** Gausdal dialekt- og mållag har tent gode pengar i fleire år på å lage og selje T-skjorter og krus med dialektord. Dei har laga fleire ulike varianter av t-skjorter, og denne jula lanserer dei eit nytt krus med nye dialektord frå gausdalsdialekta.

– Det har blitt veldig populært. Vi sel på fleire salsmesser no før jul, og det er veldig lett å selje til folk, seier **Harald Ove Foss**, leiari i Gausdal dialekt- og mållag. Grunnlaget for suksessen har vore at laget har gjeve ut ei eiga dialektbok om gausdalsmålet, og det er sjølvsgatt denne dei brukar når dei skal finne fram til ord og uttrykk.

– Vi har lagt oss opp mykje pengar på bok, så no må vi ta til å bruke meir pengar, smiler Harald Ove Foss. Dei siste åra har dei også verva fleire nye medlemer, og har no kome opp i 49 medlemer.

**NESTLEIAREN VÅR HAR BLITT FAR!** Nestleiar i Noregs Mållag, **Peder Lofnes Hauge**, har fått ei jente, Ingeborg, saman med **Line Berggreen Jacobsen**.



# SOGN DAL FOTBALL

## - på lag med nynorsken

stao no pao

SparebankenVest

Lerum



**GLADE UNGDOMAR:** Norsk Målungdom var samla til haustkonferansen Nynorske talent i Bergen i september.

Foto: Ingunn Vespestad Steinsvåg / Norsk Målungdom



GUNNHILD SKJOLD

leiari Norsk Målungdom

## Gjer språkmangfaldet synlegare!

**NOREG ER, OG** har alltid vore, eit fleirspråkleg samfunn. Det store språklege mangfaldet vårt består både av dei norske dialektane, dei norske skriftspråka nynorsk og bokmål, minoritetsspråk (både dei nasjonale og dei nyare innvandrarspråka) og ikkje minst urfolksspråka våre. Dessverre er dette mangfaldet under press, både frå engelsk og frå bokmål.

**VI SOM ER** nynorskbrukarar, kjenner godt kjensla av å måtte ty til eit anna språk enn vårt eige. Riksavisene vil ikkje bruke nynorsk, mange må bruke bokmål når dei samarbeider med folk på jobben, og skolelevar over heile landet manglar digitale læremiddel på språket sitt. Dette problemet har også mange andre språkgrupper i Noreg.

**2019 ER SNs** urfolksspråkår, og dette året blir urfolksspråk løfta fram over heile verda. For å markere dette inviterte Sametinget til ei samisk språkveke 21. til 27. november som vi i Norsk Målungdom sjølvsgart deltok på. Målet med markeringa var å synleggjere og auke kunnskapen om dei samiske språka.

**I TROMSØ, DER** eg kjem frå, er det vanskeleg å gå glipp av at samiske språk også høyrer heime i Noreg. Offentlege bygg, både statlege og kommunale, er skilta på både bokmål og nordsamisk. Korfor er det ikkje slik til dømes i Oslo? Vi veit at det er mange samar som bur i Oslo. Da bør det samiske vere meir synleg i kvardagen her også. Derfor er det bra at byrådet i Oslo vil vedta eit samisk namn på kommunen. Det håpar vi dei får på plass, og vi håpar mange andre følger etter.

**VI I NORSK** Målungdom meiner at det er ein menneskerett å få bruke og møte førstespråket sitt, og da må dei samiske språka bli enda synlegare i storsamfunnet. Her må både offentlege og private organisasjonar og selskap ta ansvar. Norsk Målungdom har til dømes lenge vore ein pådriver for at fleire organisasjonar skal vedta samiske namn. Her var både vi og Noregs Mållag tidleg ute.

**MEN DA BLIR** spørsmålet: Kor er eigentleg dei samiske namna våre synlege? Om den einaste plassen ein kan sjå dei samiske namna våre er i lovene, da gjer dei ikkje den jobben for å synleggjere og anerkjenne dei samiske språka som vi ønskte da vi vedtok namna. Da vi markerte samisk språkveke, synleggjorde vi dei samiske namna våre på sosiale medium. Kanskje det neste er å trykke opp brosjyrar og anna tilfang med dei samiske namna våre?

gunnhild@malungdom.no

# Kjærleksbrev til haustkonferansen

Norsk Målungdom skipa nyleg **den årlege haustkonferansen**, på St. Paul skule i Bergen sentrum. Her var fleire nynorske talent, som Jon Olav og Kjersti Wøien Håland.

**HAUSTKONFERANSEN** hadde eit interessant program, med mange gode foredragshaldarar. Hjalti Heimir Gislason, leiari i Osterøy Høgre, si opning var

både underhaldande og lærerik. Ein svært god start på ei fantastisk helg.

### Jon Olav og «Lovleg»

Sjølv om første dagen av konferansen var kort, fekk eg lært mykje og møtt mange nye fjes frå heile Noreg. Det må seiast at eg aldri har vore på ein konferanse der eg har kosa meg so mykje som eg gjorde her.

Av dei mange parallelle punkta var det mange som fekk meg til å sitte framoverlent, spesielt debattskuleringa med Kristoffer Myklebust Egset og «korleis ta eit godt Instagram-bilete» med Anna Sofie Ekeland Valvatne. Under Instagram-punktet fekk vi fare på «biletsafari» i Bergen sentrum. Vi var so heldige at vi fekk oppholdsvær og til og med litt blå himmel under safarien.

Høgdepunktet for meg var absolutt laurdagskvelden, med sofaamtale med Jon Olav og manusforfattar for «Lovleg» Kjersti Wøien Håland etterfølgd av konsert med Jon Olav. Det var ein koseleg samtale med mykje interessant frå begge to og ein vakker konsert med fin musikk.

### Mykje sosialt

Mellom foredraga og måltida er det ein ting som står veldig fram: det sosiale. I pausane er det alltid nokon som spelar kortspel eller

liknande. Det er mange ting eg ser igjen kvar gong eg er på landsmøte, landsstyremøte og haustkonferanse. Eg finn som ofta den same gjengen sittande rundt eit bord og spele Ligretto frå morgen til kvelds. Det er so populært at ein av og til må dele opp spelarane i to for å få plass rundt bordet. Å høre latteren og kjenne på entusiasmen er so morosamt at det er vanskeleg å ikkje slenge seg med. Konkurranseinstinktet blir godt synleg under rundane, spesielt hos meg.

Å bli med i Norsk Målungdom har for meg ført til at eg har fått mange nye vene, og lært mykje. Tilskipingane fører difor til at eg kan møte att venene eg har fått, og lære enda meir. Med eit variert program og mykje sosialt er ikkje dette noko problem.

Eit «problem» med helga var dei parallele punkta. Det var svært vanskeleg å velje mellom dei når begge punkta var like interessante. Alle dei parallele punkta eg var på, var svært forvitnelege, men om eg kunne få velje, hadde eg vore med på kvart einaste punkt!

Som ofta etter lange helger med foredrag føler eg meg utmødd og trøytt, men heile helga gjekk altfor fort, og eg kunne gjerne ha fortsett konferansen eit par dagar til. Eg kan nesten ikkje vente til neste gong eg får bli med på tilskiping.

Sest på vinterleir!

NOA SEBASTIAN SKAARE GJERSETH

*Om du nokon gong har tenkt at du vil vere med, men ikkje tør, bli med! Eg kan love deg at du ikkje vil angre.*

**Tusen takk!** Mellom 10. september og 11. november fekk Noregs Mållag 281 775 kr i gåve. Målgåvene frå dykk er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt. Vil du gje Mållaget ei julegåve, vert me veldig glade for det. Bruk gjerne giroen som følgjer med bladet, eller vipps eit valfritt beløp til 90540.

#### AUST-AGDER MÅLLAG

Lars Aasbø  
Birgit Attestog  
Rolf Fredriksen  
Hallgeir Gjelsvik  
Aud Åsen Haugsgjerd  
Johannes Havstad  
Olav Hoftuft  
Malmfrid N. Homme  
Oddgeir Jenset  
John Gustav Johansen  
Ragnar Kaasa  
Jorunn Lande  
Jon Kolbjørn Lindset  
Målfrid Mejlænder-Larsen  
Rune Nylund  
Sigrid Bjørg Ramse  
Kari Gerd Riisland  
Kåre Rike  
Astrid Stuestøl Sandkjær  
Johannes G. Torstveit  
Arne Tronsen  
Helge Ove Tveiten  
Olav Vehus  
Jens Vellene  
Olav Torj Åkre

#### AUSTMANNALAGET

Brynjulf Aartun  
Ole Bjerke  
Oddbjørn Blakar  
Else Petra Borkhus  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Solveig Bræk  
Ivar Bungum  
Stein Dahlen  
Bjørn Dalen  
Frode Erstad  
Inger Lise Fiskvik  
Randi Therese Garmo  
Olav Haraldseid  
Magnhild Harsheim  
Torill Heilevang  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Kåre Idsø  
Per Rolf Johnsen  
Ola Jonsmoen  
Turid Kleiva  
Håvard Kleiven  
Inger Margrethe Kyllingstad  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Torgunn Holm Maursset  
Anne Midtbø  
Øyvind Nordli  
Jogrism Nordsletten  
Olaf Nøkleby  
Jørgen Nørstegard  
Kjersti Prestkvern  
Ola Magne Robøle  
Tone Rui  
Tora Sandbu  
Hans Sandviken  
Ivar Schjølberg  
Gunnar Skirbekk  
Jakup Skjedsvoll  
Egil Skullerud  
Arne Skuterud  
Arne Sund  
Kåre Sveinhaug  
Magne Teppen  
Rolf Theil  
Lars Ullgren

Magne Velure  
Ingebjørg Østerås  
Svein Øye  
Rune Øygard  
Bjarne Øygarden  
Bjørg Øyøygard

**BUSKERUD MÅLLAG**

John-Ragnar Kvam  
Aarset  
Oliv Bakkeplass  
Niri Baklid  
Herbjørn Brennhovd  
Sigrid Hjelmen  
Sverr Hjelmen  
Bjørg Kari Brattåker  
Håheim  
